

# Vennskap i barnehagen

*Ingen ville vel ønske å leve utan venner,  
sjølv om han hadde alle andre gode.*

Aristoteles



**Å få ein venn og vere ein venn er noko av det viktigaste i livet til eit barn. Foreldra og personalet i barnehagen fremjar vennskap mellom små barn.**

- **Vennskap:** Hels på og prat med barna og foreldra du møter i barnehagen. Støtt opp under barns vennskap. Vis at du liker vennene til barnet, prat med dei og inviter dei med på aktivitetar.
- **Rollemodell:** Snakk fordelaktig og positivt om dei andre i barnehagen. Ver bevisst på at oppfordringar til barnet skal speglast i eigen praksis.
- **Kjensler for andre:** Hjelp barnet til å snakke om kjensler og om korleis det kjennest å bli halden utanfor og bli forskjellsbehandla. Oppmuntre barnet til å dele og vere raust.
- **Turtaking:** Oppmuntre barnet til å vente på tur, gi og få og byte på å bestemme i leiken. Lær barnet å løyse konflikhtar på ein god måte.
- **Fellesarrangement:** Ta initiativ til felles aktivitetar og opplevingar for barn, foreldre og tilsette i barnehagen.
- **Bursdag:** Foreldra og personalet samarbeider om felles «reglar» for invitasjon til bursdagsselskap, slik at ingen barn blir haldne utanfor.
- **Avklaring av roller og forventingar:** Foreldra og personalet samarbeider om korleis dei skal gå fram for å hindre at enkeltbarn blir haldne utanfor eller blir plaga.